



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Greta I. Hanset, 71 25 85 47

Søknad om tilskot til kompetanse og tenesteutvikling 2023 - kap. 0761 post 68

Statsforvaltaren har ansvar for forvaltninga av tilskot til kompetanse- og tenesteutvikling, jf. Statsbudsjettet kap. 761, post 68.

Informasjon og nytt i 2023

- Endra innretning på tilskotet frå kompetanse og innovasjon til kompetanse og tenesteutvikling.
- Nytt regelverk. **Merk** at i nytt regelverk er helse og omsorgstenesta erstatta med omsorgstenesta. Dette inneber ei tilsikta innsnevring. Dette har samband med *Opptappingsplan for heiltid og god bemanning i omsorgstenesta*.
- Nytt søknadsskjema. Det er same skjema som i 2022, men endra i høve nytt regelverk.
- Ordninga bør sjåast i samband med KS sitt prosjekt Tørn.
- Tilskotsordninga inngår i Kompetanseløftet 2025 og Opptappingsplan for heiltid og god bemanning i omsorgstenesta.
- Vi vil nytte kompetanseplanane ved tildeling av midlar for å sikre at det er ein del av den strategiske planlegginga. Vi ber derfor om å få tilsendt kompetanseplanane.
- Kommunane fekk tilsendt nytt rapporteringsskjema saman med tildelingsbrevet i 2022. Vi vil sende skjemaet på nytt i Excel format på e-post til postmottak.
- Tidlegare satsar per tiltak fell bort. Kommunen må prioritere kostnad per tiltak og mellom tiltak.
- Mangelfull utfylt søknad blir returnert til kommunen for retting. Husk å skrive nødvendig informasjon i merknadsfeltet, som t.d. type utdanning i fana Anna utdanning og kva tiltak kommunen prioriterer.
- Kommunane skal koordinere søknadane og sende **ein** felles søknad til Statsforvaltaren. Skjema finn du på nettsida vår .



- Søknads- og rapporteringsskjema skal sendast i Excel, i tillegg til ein skriftleg del.

Kven kan søkje

Kommunar, fylkeskommunar, interkommunale selskap og universitet og høgskular. Kommunar kan søkje på ordninga, gjerne i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor, utdannings- og forskingsinstitusjonar eller andre aktørar. Fylkeskommunane kan berre søke om tilskot til kompetansetiltak innan psykisk helse og rusfeltet.

Prioriteringar

Ramma for kompetanse og tenesteutviklingstilskotet for 2023 er på om lag 20 mill.

- Grunn- og vidareutdanning
- ABC opplæringa
- Opplæring til brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- Tenesteutviklingsprosjekt

Fordelinga av midlar er ikkje øyremerka mellom dei ulike tiltaka.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren på e-post: sfmrpost@statsforvalteren.no
Søknadsfristen er 3.april 2023.

Klage på vedtaket

Tildeling av/avslag på tilskot under ordninga er eit enkeltvedtak. I samsvar til forvaltningslova §28 er det klagerett.

Overføring av ubrukte midlar til 2023

Hovudregelen er at ubrukte midlar hos tilskotsmottakarane etter søknad kan overførast **eitt år, altså frå 2022 til 2023**. Det følger av direktoratets standardvilkår, og er avtalt med HOD. Dette vart handheva fleksibelt under pandemien, men Riksrevisjonen har stramma dette inn igjen frå i år. Ubrukte midlar som ikkje overførast, skal betalast tilbake til statskassa. [Bruk Helsedirektoratets kontonummer 7694 05 12162, og merk tilbakebetalinga med kapittel 761, post 68.](#)

Rapportering

Tilskotsmottakar skal vurdere måloppnåing av gjennomførte tiltak og korleis/i kva grad dette har bidratt til at måla for tilskotsordninga er nådd.

Revisorattestasjon: Der det er innvilga tilskot på kr 200 000 eller høgare er det stilt krav om at rekneskapen er bekrefta av revisor. Nærare informasjon om revisorkontroll og attestasjon blir spesifisert i tilskotsbrevet.

Frist for rapportering er 1.mars 2023.

Kontaktpersonar hos Statsforvaltaren

Greta Irene Hanset, fmmrgrha@statsforvalteren.no tlf. 71 25 85 47

Eli Mette Finnøy, fmmrelfi@statsforvalteren.no tlf. 71 25 85 82

Informasjon om tilskotet med skjema for søknad og rapportering, samt regelverket, finn du på våre heimesider under Tilskotskalender [her](#).

Med helsing

Greta I. Hanset



Kjersti Bakken (e.f.)
ass. direktør

seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakere:

Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Tingvoll kommune	Midtvågeven 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY